



Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Sognebåten - innspel frå Sogn regionråd

*Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Innspelet er utarbeidd i samarbeid med reiselivsnæringa<sup>1</sup> ved Visit Sognefjord.*

Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen, Norled og Sogn regionråd er samstemde når det gjeld kostnadene med flytting av endestoggen frå Sogndal til Flåm. Sogn regionråd vurderer vekstpotensialet på heilårsruta til 6% kvart år etter ein forventa nedgang frå lokalmarknaden på 5% i år ein. Ein stor del av denne veksten vil kome i perioden april – oktober, og er realistisk relatert til eksisterande og forventa vekst tal for reiselivet i Fjord Norge, Bergen, Sogn og Nordfjord. På møtet 6. oktober la samferdselsavdelinga og Norled fram informasjon om at overnatting for mannskapet i Flåm vil kunne koste inntil kr. 2,1 mill. per år samanlikna med kr 300 000 i Sogndal. Kostnaden er estimert ut frå gjeldande leigeprisar for kommersiell overnatting i Flåm. Det er etter møtet innhenta opplysningar om anna overnattingsløysing i Flåm for ein betydeleg lågare kostnad på inntil kr 416 000 pr år, og dette vil vera ei løysing for perioden oktober 2018-mars 2019. Med bakgrunn i dette oppmodar Sogn regionråd til følgjande:

- Kostnadene knytt til overnatting for mannskapet i Flåm må utgreiast. Sogn regionråd oppmodar Aurland kommune til å sjå på moglege kostnadseffektive løysingar saman med Norled.
- Kostnadene med endring av endestogget frå Sogndal til Flåm må reknast ut over ein 5-års periode frå 2018 – 2022 med forventning om 6% årleg passasjervekst. Dette gjer at ekstrakostnaden med utvidinga vert nulla ut innan 2022.
- Auka vekst og verdiskaping i heilårleg reiseliv i Sogn og resten av fylket krev gode kollektivløysingar til/frå Bergen og Oslo. Heilårsdrift av Sognebåten med endestogg Flåm er eit av dei viktigaste tiltaka i høve dette. Då vert «Sognefjorden in a Nutshell» tilgjengeleg heile året og det vert mogleg å spreie turisttrafikken mellom sør- og nordsida av Sognefjorden og vidare nord/vest i fylket mot Sunnfjord og Nordfjord. Endring av endestoggen er eit avgjerande tiltak for å hindre vidare nedgang i passasjertala og sikre auka vekst på heilårsruta. Vedtaket om utjamning av taksten mellom Nordfjordekspressen og Sognebåten kan føre til reduksjon i talet på reisande, noko som er særskilt uheldig knytt til det pågående arbeidet med å auke passasjertalet på ruta. Med bakgrunn i dette oppmodar Sogn regionråd fylkeskommunen som følgjer:

<sup>1</sup> Fjord Tours, Fjord Norge, Bergen reiselivslag, Visit Sognefjord, Flåm AS, Norled, Kviknes Hotel/ De Historiske Hotel

- Sogn regionråd oppmodar fylkesadministrasjonen og fylkestinget til å vurdere saka om endring av endestogget som ei samla samferdsle- og næringssak knytt til mogleg finansiering av endringa.
- Sogn regionråd oppmodar fylkespolitikarane og fylkestinget til å revurdera vedtaket i samferdselsutvalet om utjamning av takstane mellom Nordfjordekspressen og Sognebåten. Innsparing på materiellet (mindre båtar) på Sognebåten, har gitt redusert kvalitet på tilbodet og er forhold som talar mot ei full takstharmonisering. Både storleiken på takstendringa og perioden for gjennomføring av utjamninga bør tilretteleggjast slik at det i minst mogleg grad bidreg til å redusere trafikkgrunnlaget for Sognebåten med tanke på det pågående arbeidet for å auke passasjertala.
- Sogn regionråd oppmodar fylkespolitikarane og fylkestinget om å vurdere løysingar for dynamisk prising av billettane på Sognebåten (og andre ruter) slik at ein har høve til å auke prisane i periodar/dagar med høg etterpurnad (sommarsesongen) og reduserte prisar i periodar/dagar med lågt belegg. For å unngå at dette råkar lokalreisande negativt kan ein vurdere ei løysing med bruk/kjøp av kort/app berekna for lokalbefolkinga der ein får faste prisar eller rabatt ved kjøp av meir enn ein tur.

Endring av endestoggen frå Sogndal til Flåm for heilårsruta er første prioritet for Sogn regionråd. Om dette ikkje vert mogleg bør ein sjå på alternativet med ein ny, heilårs tilførselsrute mellom Flåm og Balestrand som kan koplast mot ruta mellom Bergen og Sogndal. Her bør ein vurdera alternativ med ulik storleik på fartøy, mogleg bruk av sommarruta for Sognebåten som returrute for strekninga Flåm – Balestrand, og kalkulere kostnader per månad slik at ein kan vurdere om ei tilførselsruta skal køyrast 12 månader eller berre 8-10 månader i starten. Med bakgrunn i dette oppmodar Sogn regionråd til følgjande:

- Samferdselsavdelinga bør i samråd med Norled utgreie kostnadsalternativ for ei ny tilførselsrute mellom Flåm og Balestrand basert på ulik storleik på fartøy, bruk av sommarruta i produksjonen og kostnader per månad for å vurdere kortare driftsperiode enn 12 månader i starten.
- Forslag til rutetider for ny tilførselsrute:

	Avgang	Ankomst
Balestrand – Flåm (heile året)	09:00	10:25
Flåm – Balestrand (sommar)	17:30	18:55
Flåm – Balestrand (vinter)	15:30	16:55

Med helsing

Petter Sortland  
Leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*